
Fra: Einar Færø
Sendt: mandag 18. juni 2018 08.24
Til: Lisbeth Toppe Alvær; Postmottak Radøy
Emne: VS: Redusert fartsgrense vegen om Mangervågen.

Innspel trafikkisikring

Fra: Hans Atle Svenheim [<mailto:ha-atles@online.no>]
Sendt: 17. juni 2018 23:19
Til: Einar Færø
Kopi: Mariann Gran; Bengt Gran; Kurt Grindheim; Kurt Urhaug; Lyder Urhaug; Kristin Kleveland; tone@nettstar.no; Harald J Stanghelle
Emne: Redusert fartsgrense vegen om Mangervågen.

God mandag morgon, Einar.

Eg viser til tlf.samtale for eit par veker sidan, der eg ytra ynskje om å få opp skilt med fartsgrense på 30 km i kvar ende på vegen som går om Mangersvågen mellom Mangersnesvegen og Toskavegen. Dette er ein veg som er svært mykje nytta av fotgjengarar, populært kalla «Strafferunden». Det ferdast turgåarar mest heile døgnet på denne vegen, gamle, unge, mødre med små born i barnevogn, born på tre- og tohjulsykkel, akebrett og kjelke om vinteren, med hundar, eldre med og utan stav, joggarar, folk som sykklar, osv., m.a.o. dette er ein veg for folk som trimmar, trenar og går tur i alle kategoriar.

Men eg ser også bilar med sjåførar som pløyer ned frå Mangersnesvegen ved Aufera i 50 km, som er fartsgrensa, utan oversikt kva som kjem bak svingen, slik at det er ikkje få gongar at Mariann Gran på nær har fått både hjarteinfarkt og respirasjonstans! Det har vore nære på både der og andre stader på vegen mange gongar.

Om vinteren likar ungar å skreie på vegen ned frå der eg bur, Smedbrekka 14. Den vegen endar ut i bilvegen og kjem nokon nedover i 50 km +/- då, kan leiken enda svært så tragisk. Likeins er det mange andre stader på dette vegstrekket. Frå sidevegen til Huldredalen og opp mot krysset til Toskavegen er det ei kort, rett strekning. Dei som bur rundt der, m.a. Kurt Grindheim, har gjentekne gongar sett og høyrte bilar «speede» oppover i langt over 50 km/t.

Me som bur langs denne vegen tok dette temaet opp med Tore Rikstad for ein del år sidan og han meinte som oss, at det måtte koma fartsdumpar eller fartsgrense 30 km. Ingenting kom ut av det og Strilen følgde opp temaet med ein god artikkel med bilete, utan å skulda Radøy kommune for ikkje å handla. Framleis kom det ingenting ut av den kontakten me tok. Tore meinte at kostnaden med å avgrense farten på denne vegen på ingen måte kunne samanliknast med det tapet som kunne koma ut av ei mogleg trafikkulukke på denne strekninga, men om Tore aldri så mykje ville, kunne nok han ikkje ordna opp i dette åleine. Men du kjente vegen då eg snakka med deg, så kanskje du kan få dette gjort og kanskje også snarast råd er, før noko skjer. Alle er glad i borna sine og andre som nyttar vegen og ingen har råd å missa dei.

Manger 17.06.18
Med venleg helsing
Hans Atle Svenheim